

Bergen, 06.07.22

Vår ref: 2022/
Sakshandsamar: Britt Sæle Instebø

Dykkar ref.: 2022/4356

Statsforvalteren i Rogaland

Karmøy, Husøy – søknad om utfylling og peling i sjø – forureiningslova – uttale

Viser til brev av 13.06.2022 om ovannemnde sak.

Det er her søkt om etablering av 10 cm sandlag for å isolere forureininga (sommaren 2022), 1 m tjukt lag med grov stein under planlagt fylling og motfylling frå lektar. Motfylling i nordaust blir konsolidert i eitt år. Ovannemnde fyllingar og resterande fyllingar skjer frå lektar og endetipp. Tiltaket er tenkt å vere ferdig i 2026-2027.

I høve Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det ikkje registrert fiskeriinteresser i området. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter hestmakrell og sjøkreps.

Det er registrert forureining i området, og for Karmsundet er det restriksjonar på omsetnad av ein del sjømat (<https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/KlientFull.htm?>). Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. På bakgrunn av dette må ein unngå spreieing av forureinina massar. Ein må forsegle dei slik at den blir liggjande både i anleggsfasa og når kaiane skal brukast (propellbruk). Ein støttar kravet om turbiditetsovervaking, hindre spreieing av plast frå utfyllingsmassane og at utfyllinga i sjø skal utformast slik at tareskogen kan reetablere seg. Ein må setje inn eigna avbøtande tiltak for å hindre spreieing av forureining.



I høve saksnotatet er det registrert tare i området samt ein del fisk. Ein ber om at det blir vurdert om det på noko vis er mogleg å skremme vekk fisk mm, utan å ta livet av dei, før sjølve utfylling. Dette for å bevare fisken i området.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Kopi: Karmøy Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Sør
Karmøy kommune

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Figur 1. Etappe 1 og 2 illustrert i tiltaksområdet.



Utsnitt fra Fiskeridirektoratet sitt kart – svart ring for å vise området



Miljøstatus

✓ Min temaforklaring

× [Fjern alle valgte tema](#)

Sjømat - advarsler

Advarsler mot sjømat, målestokk 1 > 100 000

Advarsler mot sjømat

Advarsler mot sjømat, mer omfattende

Kjelde: <https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/KlientFull.htm?>